

Stor dag for jærsk høgskule

Høgskulen for landbruk og bygde-
næringar (HLB) har fått 1,7 millionar
kroner for å motivere nyskaparar i
bygde-Norge.

STEINAR SANDVIK | tekst og foto
ssa@jbl.no

– Dette er stort for oss som ein liten høgskule, seier ein strålende fornøgd rektor Dag Jørund Lønning til Jærbladet.

– Konkurransen om midlane har vore stor, og vi er den høgskulen som har fått mest. For oss er det stor prestisje knytta til løyvinga, og dette er det største enkeltprosjektet høgskulen nokon gong har hatt.

Bygderessursar

Innovasjon Norge lyste i vår ut 13 millionar kroner til norske høgskular og universitet for å utvikle pilotprosjekt innan entreprenørskap i høgare utdanning. Tre millionar er øymerka tiltak i Nord-Norge.

– Vårt prosjekt har vi kalla «Med gründerblikk på bygderessursar». HLB er prosjekteigar, men satsinga skjer i samarbeid med Høgskolen i Lillehammer (HiL), fortel Lønning.

– HLB og HiL skal utvikle eit gründerretta læringsprogram med hovudmålsetjing å stimulere til nye tiltak med utgangspunkt i ressursane som bygda har. Programmet skal stimulere til oppdagings- og skaparlyst, kreativitet og gje innføring i konkrete entreprenør- og produktutviklingsprosessar.

Lønning legg til at studentane skal få auka kompetanse på ulike felt. Mellom anna er det snakk om nye tilnærmingar til matproduksjon der vekta ligg på auka foredling. Innan reiseliv og oppleving er det snakk om natur- og kulturbaserte næringar. Eitt felt er utvikling av kunnskapsbaserte næringar på bygda i tillegg til

nettverksbaserte næringar.

– Dessutan skal studentane ha blikk for det nye, for idéutvikling, skaparglede og å finne fram til ressursar i egne omgjevnader. Det er også snakk om forretnings- og bedriftsutvikling, seier Lønning og legg til at ein skal følge heile verdikjeda frå idé til ferdig produkt, seier Lønning.

Utvikle skulen

Prosjektet som har ei samla ramme på 2,5 millionar kroner, skal gå over to år og involvere 100 enkeltstudentar, 50 frå kvar av høgskulane. Dei skal ha fire fellessamlingar i året, halvparten av dei i Rogaland.

Lønning seier at Innovasjon Norge med sitt tilskot dekkjer 1,7 millionar kroner av finansieringa. Resten må skulen ta frå eige budsjett.

Før sommarferien fekk HLB godkjend treårig bachelorutdanning i bygdeutvikling. Lønning legg ikkje skjul på at målet er å utvikle det vidare til eige masterstudie.

– Det nye prosjektet kan ikkje vere med og finansiere utdanning som gir studiepoeng, men det vil absolutt vere ein styrke for det eksisterande tilbødet ved høgskulen.

– HLB er også med i eit europeisk utviklingsprogram som ein av ni partnarar. Gjennom Volare som prosjektet heiter, skal høgskulen vere med og utvikle effektive modellar for «deltakande læring». Dette prosjektet er to-årig og tek til hausten 2010, seier Lønning og peikar på deltakinga saman med ei rekkje store universitet og kulturorganisasjonar representerer ei kjelde til fagleg utvikling.



STOLT: Rektor Dag Jørund Lønning ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar er svært glad for støtte frå Innovasjon Norge.

– Både studentar og tilsette ved skulen får eit unikt høve til å bli kjende med ulike læringsmiljø i Europa. Også dette vil vere viktig for å styrke utdanninga ved høgskulen, seier rektoren.

For heile landet

Semesteret ved HLB på Særheim i Klepp startar i slutten av september månad.

– Vi tek framleis opp studentar, og reknar med mellom 60 og

70 dette semesteret. Vi har fått dei første søkjarane frå Nord-Norge. Tidlegare var dette ein skule for Rogaland, men også Austlandet og Sørlandet er representert i søkjarflokket. Målet vårt er å gjere skulen meir kjend over heile landet.

– Bachelorstudiet har gjort høgskulen meir attraktiv for yngre studentar. Fram til no har studentane stort sett teke utdanning parallelt med vanleg arbeid.

No er interessa større for heiltidsstudiar.

– Vi skal heve oss og tilby større kvalitet på studiane våre. Gjennom kvalitet skal vi vere gode.

– Dei fleste studentane våre er bygdefolk. Når dei har fått utdanning, har dei ofte flytta frå bygda. Med fokus på bygda sine egne ressursar legg vi eit godt grunnlag for å etablere næring som er viktig for bygdene. Og på den måten skal vi demme opp for «hjerneflukt» frå landsbygda, seier Dag Jørund Lønning, rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar.

Dette er det største enkeltprosjektet høgskulen nokon gong har hatt.